

Løysingsordet

Sam vaknar og kjenner seg heilt mørbanka.

Han får auge på pistolane. Han skundar seg og plukkar dei opp. Politimennene stønnar.

«Vi har komme heim,» seier Ina.

Skjermen viser årstalet for i år, Snippen Kulturhus.

Tidsmaskinen står på scena i Kulturhuset.

Det er publikum i salen.

«Men dei har jo vore borte i berre to sekund,» roper ein mann.

«Dei har reist i lang tid og i mange tider, sjølv om dei akkurat no har komme attende til same tid,» seier Toni Invento frå lerretet.

«Vi fekk med oss to politimenn frå New York,» kremtar onkel Ola.

«Ingen fare, eg sender dei attende etterpå,» seier Toni Invento.

«Har de funne løysingsordet?» spør Toni Invento.

«Vi har alle bokstavane. Men vi må setje dei saman til eit ord,» seier Sam.

«OK, de har eitt minutt frå no,» seier Toni Invento.

Bokstavane er: T E N O L A M P R E F A

Salen tel ned: 10, 9, 8, 7, 6, 5, 4, 3, 2, 1.

«Vent!» roper Sam. «Eg har det!»

«Løysingsordet er ...»

«ELEFANTROMPA».

Oppgåver:

Sjå Elevbok 4B side 204.

Gjer oppgåvene 1a, 2, 3c, 4, 5 og 6.

